

**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Bryne sokneråd**  
Postboks 373, 4349 Bryne

dok 49

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saksnr. 2006 06/09	Dato 04/10/06
Kode Ki-501	Beh.....

03.10.06

Kultur- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep.  
0030 OSLO

### Høringsuttalelse staten og den norske kyrkja.

Sender ein ny uttalelse som skal **erstatte** den som ble sendt 26.09.06.  
Håper dette lar seg ordne.

Med venleg helsing  
Bryne sokneråd


*Elisabeth S. Obrestad*  
Elisabeth S. Obrestad  
Sekretær

**Postadresse**  
Postboks 373  
4349 Bryne

**Parkvn. 2**  
4340 Bryne

**Telefon:** 51 77 03 77  
**Telefaks:** 51 77 03 60

**Kontortider kyrkjekontoret**  
Måndag - fredag 09.00 – 14.00  
**e-post:** [bryne.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@time-kyrkja.no)  
**heimeside:** [www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**

**Bryne sokneråd**

Postboks 373, 4349 Bryne

03.10.06

## HØYRINGSUTTALELSE STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA.

### KYRKJEORDNING.

Bryne sokneråd støttar fleirtalet i utvalet om ei lovforankra folkekyrkje. Noverande reglar om statskyrkja i grunnlova vert oppheva.

Dnk får eit større sjølvstende som trudomssamfunn, og blir "herre i eige hus", noko som er lettare å forsvare reint teologisk. Samstundes kan ein halde på den historiske kontinuiteten som folkekyrkje. Ein slik prosess vil over tid vere meir samlande enn eit klart brot mellom stat og kyrkje.

Dnk får ei særleg tilknytning til staten ved at Stortinget vedtek ei eiga rammelov/kyrkjelov for Dnk.

Vi ser på ei lovforankra folkekyrkje som ei avvikling av statskyrkja.

### FINANSIERING.

Bryne sokneråd støttar seg og her til fleirtalet i utvalet. Offentlege løyvingar må stå for hovudfinansieringa av kyrkja med statlege tilskot som dekker utgifter til lønn og tilknytte personalkostnader.

Kommunale tilskot må dekke bygningar, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg.

Det bør og vurderast andre finansieringsordningar for eksempel medlemsbidrag eller kyrkjeskatt.

### GRAVFERDSFORVALTNINGA.

Hovudprinsippet må vera at Dnk har ansvar for gravferdsforvaltninga (mindretalet i utvalet si innstilling).

Det er eit offentleg ansvar å sørge for gravplassar, og å etablere ordningar som sikrar at gravferd og jordfesting skjer i faste, ordna og verdige former.

Gravplassar som ligg i direkte tilknytning til kyrkjebygg bør framleis kallast kyrkjegard.

Det må leggjast til rette for at alle trussamfunn kan nytta gravplassen.

### KYRKJEBYGG.

Sokna skal ha eigedomsrett over lokale kyrkjebygg. Korkje kommunane eller Dnk sentralt kan eige kyrkjebygg.

For freda og verneverdige kyrkjebygg bør det opprettast eigne finansieringsordningar.

### VALORDNINGAR OG DEMOKRATI.

Ved overgang til ei lovforankra folkekyrkje, vil kyrkja sine valde organ ta over ansvaret som i dag ligg hos det statlege kyrkjestyret. Valordning til kyrkjelege råd og utval blir som i dag, men det kan vurderast ein viss grad av direkte val til bispedømmeråd (eller kyrkjeråd?).

### ARBEIDSGJEVARANSVAR.


Kyrkja bør ha ei ordning med felles arbeidsgjevaransvar. Både dette spørsmålet og organiseringa av Dnk vert utgreia internt i kyrkja.

Bryne sokneråd

*Elisabeth S. Obrestad*

Elisabeth S. Obrestad

Sekretær



**Postadresse**  
Postboks 373  
4349 Bryne

**Parkvn. 2**  
4340 Bryne

**Telefon:** 51 77 03 77  
**Telefaks:** 51 77 03 60

**Kontortider kyrkjekontoret**  
Måndag - fredag 09.00 – 14.00  
**e-post:** [bryne.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@time-kyrkja.no)  
**heimeside:** [www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)